

Årsmelding Økonomigruppa 2023

Økonomigruppa har i 2023 vore samansett slik:

- ✓ Bjørn Gunnar Ansnes, leiar
- ✓ Mali Skjeremo Brøndbo, medlem
- ✓ Ingrid Sande, medlem

Økonomigruppa har hatt eitt møte. Elles har vi bruka litt Messenger gruppa vår for å fordele oppgåver og utveksle informasjon. Ingrid Sande gjekk ut av økonomigruppa frå starten av juni på grunn av flytting.

Økonomigruppa si verksemd:

Økonomigruppa har gjennom året hatt to kioskarangement på Bordholmen stadion i samband med fotballkampar.

Økonomi- og markedsgruppa har stått som ansvarleg for to lotteri

- ✓ Jubileumslotteriet i samband med Todalsdagen 1. juli.
- ✓ Idrettslagsbasar i ungdomshuset.

Totalt kom det inn i overkant av 60.000,- kroner på desse to lotteria.

Økonomigruppa held på med ein gjennomgang av sponsoravtalane idrettslaget har, med tanke på å få på plass nye. Dette arbeidet har teke mykje lengre tid enn vi tenkte, og ved årsskriftet er arbeidet ikkje fullført. Vi reknar med at dette kan bli ferdig i løpet av første kvartal 2024.

Økonomigruppa takkar alle samarbeidspartnarar og alle andre for samarbeidet i 2023.

Todalen 11.02.2024

Bjørn Gunnar Ansnes
leiar